

20.1. 2008

www.vestlandsraadet.no

Vestlandsrådet:

- Felles satsing, utviklingsprosjekt og andre tiltak som tener regionen
- Fremje interessene til regionen
- Arbeide for å kunne forvalte, heilt eller delvis, statlige oppgaver, ressursar og verkemiddel

Kontaktpersonar i fylka i samband arbeidet med "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar":



Rogaland Fylkeskommune:
Johan Livastøl
Tlf. 51 75 24 59



Hordaland Fylkeskommune: Siri Hanson
Tlf. 55 23 86 92



Sogn og Fjordane Fylkeskommune:
Lena Söderholm
Tlf. 57 65 62 58



Møre og Romsdal fylke:
p.t. Bergljot Landstad
Tlf. 71 25 81 71

Vestlandsrådet,

Postboks 7900

5020 Bergen

Tlf. 55 23 92 78

E-post: matti.torgersen@post.hfk.no

Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar

Vestlandet ønskjer å stå i sentrum for ei næringsutvikling basert på dei nye marine oppdrettsartane. Gjennom eit vedtak i Vestlandsrådet i desember 2006 kunne arbeidet med "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" starte opp i januar 2007. Dette er ei langsiktig fylkesovergrepande satsing der dei fire vestlandsfylka gjennom eit forpliktande samarbeid i fellesskap vil gje eit løft til næringsutvikling basert på nye marine artar i oppdrett.

Organisering

Vestlandsrådet har organisert arbeidet med "Vestlandsprogrammet" ved å etablere ei styringsgruppe sett saman av næringsjefane i dei fire fylka, forsterka med ein representant for næringa (ved Fiskeri og Havbruksforeningens Landsforbund – FHL) og Innovasjon Norge (IN).

For operativ leing og iverksetting av programmet er det sett med ei programgruppe med desse deltakarane:

- Siri Hanson, Hordaland Fylkeskommune
- Johan Livastøl, Rogaland Fylkeskommune
- Lena Söderholm, Sogn og Fj. Fylkeskommune
- P.t. vakant stilling, Møre og Romsdal fylke

- Geir Haugum, Innovasjon Norge
- Harald Sveier, Norges forskningsråd

Hovudmålsetjinga for "Vestlandsprogrammet" er: at "Vestlandet skal vere internasjonalt leiande på utvikling og kommersialisering av nye marine oppdrettsartar".

Arbeidet er konkretisert og operasjonalisert i Handlingsplan der det er etablert eit program med fire programområde:

- I Finansieringsordningar
- II Arealbruk
- III Kompetanseheving og rekruttering
- IV Nettverk og FoU

Vi arbeider for betre og meir tilpassa finansieringsordningar

I Vestlandsprogrammet vert det lagt opp til ei konsentrert satsing på eit avgrensa tal artar (torsk, kveite, blåskjel, østers, kamskjel og hummar). Lønsemid i drifta og finansiering er identifisert som sentrale flaskehalsar. Drifta er basert på eigenkapital, det er store oppsamla underskot og det manglar inntening og kapital for at verksemdene skal kunne vekse.

Vestlandsrådet fekk utarbeida ein plan med forslag til nye offentlige finansieringstiltak; m.a. konkrete forslag til etablering av eit **regionalt marint investeringsfond** og ei ordning for **risikoavlasting**. Planen vart presentert for Nærings- og handelsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Innovasjon Norge i mai 2007.

Gjennomføring av slike finansieringstiltak krev stor lokal kunnskap om næring og aktørar for å få ei god prioritering av prosjekt og investeringssektorar. Dette kan best nåast gjennom regionalt orientert styring. Dette vil også kunne avgrense strid om

landsdelsprioriteringar. Forslaget om ein "marin del" på 500 mill kr av det nye statlege investeringsfondet på 2.2 mrd. kr vil vere eit stort skritt framover.

Innovasjon Norge kan i dag gje garantiar for driftskreditt, men ordninga er lite nytta pga manglande rammer og låg grad av garanti. Vestlandsrådet viser til regjeringa sitt løfte i Soria Moria erklæringa og meiner at betre risikoavlastning i vesentleg grad kunne auke tilgang til driftsfinansiering frå bankar i ein tidleg utviklingsfase.

Vestlandsrådet ynskjer:

- **å regionalisera den marine delen av det statlege investeringsfondet**
- **høgare risikoavdekking (75 %) for marint oppdrett og større økonomiske rammer.**



I 2007 har vi satsa på utviklingsprosjekt på hummar og torsk

Under Programområde IV Nettverk og FoU hadde Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar våren 2007 ei utlysning etter "dei gode prosjektideane" til utviklingsprosjekt innan nye marine artar. Denne gongen var det to utviklingsprosjekt som klassifiserte til økonomisk stønad: Eit samarbeidsprosjekt på oppdrett av torsk som involverer mange av aktørane i dei fire på vestlandsfylka, og e it prosjekt med utgangspunkt i landbasert oppdrett av posjonshummar.

INCOD—industriell produksjon av torsk

Prosjektet er 3-årig og involverer 16 bedrifter frå alle dei fire fylka på vestlandet. Samla budsjettert kostnad for prosjektet er 6 mill. kr.

Hovudmål for prosjektet er:

- Å halvere skilnaden i slaktevekt som finst mellom intensivt produsert yngel og yngel som får naturleg dyreplankton
- Redusere svinnet i matfiskfasen med 2 prosent kvart driftsår
- Finne metodar for å redusere dødelegheit grunna sjukdom. I første omgang vil ein fokusera på tarmbetennelse.

Miljø, overvaking og benchmarking er prioritert. Dette vil styrke samarbeidet i clusteret og skape gjensidig læring og erfaringsutveksling. Vidare ynskjer ein at prosjektet bidreg til styrking av samarbeidet med FoU, miljøa og med nasjonale og internasjonale aktørar i næringa.

Det er lagt opp til at andre konkrete prosjekt-initiativ som vert aktualisert gjennom INCOD skal finansierast separat.

Nærare opplysninger om prosjektet:

Bjørn Lillelien, Havlandet Havbruk AS, 6900 Florø

E-post: bjorn.lillelien@inc.sf.no

Tel. 57 75 18 85

Utvikling av metodar for stabil produksjon av posjonshummar

Prosjektet er 2-årig og vert utført av verdas einaste produsent av posjonshummar. Samla budsjettert kostnad for prosjektet vil vere om lag 2,8 mill. kr.

Mål for prosjektet er mellom anna:

- Utvikle metodar for å produsere yngel ved eigne stamdyr gjennom heile året.
- Studere og stadfeste faktorar som påverker modninga av rogn.
- Etablere standard for bestemming av eggmodning, eggkvalitet og yngelkvalitet.
- Vidareutvikle sorteringsrobot til å kunne sortere ut mindre yngel og på dette settet redusere kanibalisme på nyklekka larver.

Prosjektet vil kunne tilføre hummaroppdrettsnæringa essensiell kunnskap på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Resultata frå prosjektet vert og publisert i vitenskaplege rapportar og journaler slik at kunnskapen og erfaringane frå dette kjem ålmenta til nytte.

Nærare opplysninger om prosjektet:

Asbjørn Drengstig, Norwegian Lobster Farm, 4180 Kvitsøy

E-post: asbjorn.drengstig@hobas.no

Tel. 901 96 731

Tilgjengelege rapportar frå Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar :

- Bakgrunnsrapport — Nye artar SINTEF Fiskeri og Havbruk (mai 2006)
- Bakgrunnsrapport — Finansieringsordninger SINTEF Fiskeri og Havbruk (mai 2006)
- Strategisk handlingsplan (mai 2006)
- Handlingsplan 2007-2010 (mars 2007)



Foto: G. Haugum

